

STATKRAFT ENERGI AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Vår dato: 29.07.2024

Vår ref.: 202110781-24 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme 99 21 51 22/
rho@nve.no

Godkjenning av detaljplan for miljø- og landskap - Rehabilitering av dam Bjølsegrø ved Bjølvo kraftverk i Kvam herad

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Bjølsegrø ved Bjølvo kraftverk.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 1.3.2023¹ for rehabilitering av dam Bjølsegrø ved Bjølvo kraftverk i Kvam herad.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet,
- Plan for riving av eksisterande damanlegg skal sendst til NVE for godkjenning i god tid før riving tek til
- Veg i dagen i øvre anleggsområdet skal utformast slik at han ikkje er til hinder for reindrifta i området. Detaljar kring dette skal avklarast med reindrifslaget
- Det skal opprettast dialog med heradet og andre med rettar i området for å vurdere å etablere ein modell som gir fleire grupper tilgang til den nye vegen
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjon datert 7. april 2000. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 7. april 2000 post 7. Vi ber om at Statkraft gjer dette vedtaket kjent for dei med rettar i området og andre intressentar.

Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

¹ NVE. ref.: 202110781-12



Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å etablere eit internkontrollsystem i samsvar med krava som følgjer av forskrifta og at det vert etterlevd.

Vår handsaming av søknaden

Bjølsegrøvatnet er inntaksmagasin til Bjølvo kraftverk og ligg om lag 870 meter over havet. Med bakgrunn i tilstanden til dam Bjølsegrø og avvik som vart avdekkja i siste revurdering og ved tilsyn, må det gjennomførast omfattande tiltak ved dammen. Dette fordi han ikkje stettar krava som følgjer av forskrift om damtryggleik.

Detaljplanen

Statkraft Energi planlegg å erstatte eksisterande hovud- og sperredam ved reguleringsmagasinet med ein ny betongdam på nedstraums side. Dammen er bygd i 1936. Oppstraums denne står ein eldre dam, ferdig i 1918, og denne er dykka store delar av året. Eksisterande dam skal rivast. Det er ikkje teke edeleg stilling til om dammen frå 1918 skal rivast. Dette skal avklarast med fylkeskommunen. Betong frå dammen som vert riven skal i utgangspunktet leverast til godkjent mottak, dersom ikkje anna vert godkjent av Miljødirektoratet. Det er utarbeidd miljøsaneringskildring som ligg ved detaljplanen.

Dammen har ikkje vegtilkomst og Statkraft søker om å byggje ny veg og tunnel fram til dam, nytt båtutsett og ny driftshytte. Vegen startar der Damvegen, som allereie er bygd, stoggar. Frå enden av Damvegen er det planlagt ein veg i dagen (søndre veg) på 105 meter, deretter ein 2350 meter lang tunnel (tunnel 1) etter følgd av ei ny 320 meter lang veg i dagen (nordre veg) fram til dammen. Frå nordre veg er det planlagt ein om lag 35 meter lang veg i dagen i nordaustleg retning som går vidare i ein 120 meter lang tunnel (tunnel 2) fram til nytt båtutsett og ny driftshytte. Driving av tunellane medfører overskot av massar som er planlagt lagra permanent i nedre del av anleggsområdet.

Veganlegget og det permanente lagringsområdet utgjer det største inngrepet i prosjektet. Det vart gjennomført naturtypekartlegging hausten 2021 i samanband med utarbeiding av detaljplanen.

Detaljplanen viser dei ulike anleggsområda og kva permanente og mellombelse inngrep prosjektet vil medføre. Oppstart av anleggsarbeida er planlagt i 2024 og vil føregå fram til 2028.

Detaljplanen vart sendt på høyring til 16.05.2024 til Kvam herad, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Miljødirektoratet, Naturvernforbundet i Hordaland, Naturvernforbundet i Kvam, Statnett SF, Bergen og Hordaland turlag og Kvam turlag. Detaljplanen vart i tillegg lagt ut til offentleg ettersyn med publisering i Hardanger Folkeblad. Frist for å gi fråsegn til planen var sett til 28.06.2024.

Heile detaljplanen med vedlegg, fråsegner NVE har motteke og Statkraft sine kommentarar til fråsegnene kan lesast her: www.nve.no/2244/V.



Fråsegner

NVE har motteke 7 fråsegner som er sende til Statkraft Energi for kommentar. Nedanfor følgjer eit samandrag av fråsegnene og Statkraft sine kommentarar². For å forenkla framstillinga er tema som går att i fleire fråsegner samla nedst.

Statsforvaltaren i Vestland, 7.6.2024³:

Statsforvaltaren konstaterer at tiltaket vi føre til nye arealinngrep, men at det er teke omsyn til viktige naturmiljø og friluftsiinteresser i planlegginga. Om den nye permanente veggen til dammen skriv han mellom anna:

«Vi konstaterer at dei to vegtraséane har blitt justert i tråd med den naturfaglege tilrådinga, og det er òg gjort fleire andre tilpassingar i tråd med naturmiljørapporten. Med desse justeringane er inngrepa i dei viktige naturtypelokalitetane redusert i høve til dei først planlagde vegtraséane. Det vil framleis bli inngrep i viktig natur, og lokaliteten ved dammen vil det ikkje vere mogleg å ivareta i rehabiliteringsarbeidet.

Vår vurdering er at naturmiljøet er tilstrekkeleg undersøkt, og at prinsippet om å minimere naturinngrepa er lagt til grunn i planlegginga».

For Statkraft sine kommentarar sjå under avsnittet *Om forholdet til ureiningslova, avrenning og drikkevatt*.

Damvegen skogsveglag, 20.6.2024⁴:

Skogsveglaget ber om etablering av ein større asfaltet parkeringsplass med plass til 50 vanlege personbilar, med toalett, septiktank og tilgang til vatn for ålmenta. I tillegg ber dei om at det vert sett opp ei permanent telefonmast ved dammen for å sikre kommunikasjon for ålmenta.

Statkraft sin kommentar:

Statkraft arbeider med mobildekning i området kring dammen av omsyn til HMS i bygge- og driftsfasen. Endeleg løysing er ikkje teke stilling til.

Vestland fylkeskommune, 21.6.2024⁵:

Fylkeskommunen skriv mellom anna:

«Ut i frå tidlegare registreringar i området og informasjon i frå våre arkiv, er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområda. Me vurderer inngrepsareala for utvida tiltak til å ha lite potensial for funn.

Det er viktig at ein held god dialog med, og tek omsyn til, friluftsiinteressene i anleggsperioden og skiltar godt ev. omlagte stiar.

Det vert viktig å ta omsyn til vassdrag i riggplanen for å unngå avrenning av massar til vassdraget og å sikre avrenning frå nedslagsfeltet i eksisterande bekker. Det må vidare sikrast at det ikkje vert avrenning frå massefyllinga til vassdraget».

² NVE ref.: 202110781-22 og 202110781-23

³ NVE. ref.: 202110781-13

⁴ NVE.ref.: 202110781-14

⁵ NVE ref.: 202110781-15



For Statkraft sin kommentar sjå under avsnittet *Om forholdet til ureiningslova, avrenning og drikkevatt*

Kvam herad, 24.6.2024⁶:

Kvam heradsstyre har fatta slikt vedtak etter handsaming av detaljplanen:

«Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

Kvam heradsstyre ber og om at det vert halde folkemøter i forkant av utbygginga og under utbygginga, samt at ein nyttar lokale media til å halde innbyggjarane oppdaterte om prosjektet i byggefasen».

Statkraft sin kommentar:

Statkraft vil invitere til folkemøte slik heradet ønskjer, og det vert etablert ei prosjektside på internett der informasjon vert delt fortløpande. I tillegg vert området skilta for å informere turgåarar.

Ytre Ålvik Skogsveglag SA /Styret for Damhytta, 25.6.2024⁷:

Grunneigarane i Ytre Ålvik er organiserte gjennom skogsveglaget og styret for damhytta, og har skrive felles fråsegn. Dei tek opp forholdet til friluftsliv og meiner at etablering av parkeringsplass i søndre anleggsområdet vil legge til rette for auka bruk av naturen i området. Difor meiner dei det bør etablerast eit toalettanlegg i området. Dette har vore etterspurd tidlegare og er etter grunneigarane sitt syn nødvendig som følgje av potensielt auka trafikk i området.

Ved dammen er det planlagt båtutsett, og grunneigarane ønskjer å delta i planlegginga av korleis tilgang til området ved dammen, ferdsel til båt plass og tilgang til fellesområdet vert organisert.

Grunneigarane ber og om at dei vert sikra permanent tilgang til området ved dammen via den nye tunnelen, og at éin parkeringsplass vert reservert til grunneigarane viss det vert etablert parkeringsplassar ved dammen. Dei meiner Statkraft bør vurdere å avgrense tilgang gjennom tunnelen for å redusere presset på naturverdiane i eit sårbart område. Dei peikar og på at auka ferdsle i området kan reinensflokket til Hardanger og Voss reinsdyrlag som held til i området kan verte forstyrra.

Grunneigarane tek opp forholdet til vassforsyninga i Ytre Ålvik. Avrenning og ev. utvasking frå dam-, tunnel- og deponiområdet hellar mot Ytre Ålvik. Der er vassforsyning løyst gjennom etablering av private brønnar, nokre av dei knytte til Bjølvo. Dei ber difor om etablering av ein miljøovervakingsplan med akseptkriterium for vasskvalitet, og at avrenning frå anleggsaktiviteten vert leia bort mot mindre busett område. Dei ønskjer og om at ny dam vert bygd med eit arrangement som gjer det mogeleg med eit kontrollert vasslepp til Bjølvo i periodar for å sikre drikkevassforsyninga.

⁶ NVE ref.: 202110781-16

⁷ NVE ref.: 202110781-17



Vidare stiller grunneigarane spørsmål ved om det er laga ein riveplan knytt til riving av eksisterande dammar for å minimalisere faren for støv og ureining av grunn og vatn i Bjølvo.

Knytt til deponiet som er planlagt som følgje av vegbygging/tunnel ber grunneigarane om tilgang til noko av tunnelmassen til å oppgradere eksisterande skogsveggar i området. Dei skriv at «Statkraft kan og få tilgang til Skogvegane i Ytre Ålvik dersom det er behov for ekstra riggplass eller behov for å styre noko av helikoptertrafikken unna dam, Damvegen eller tunnelområdet».

Statkraft sin kommentar:

Statkraft stadfestar at grunneigarane vert kontakta for drøfting av ferdsel til båtutsett/båtplass, tilgang til området ved dammen og organisering av tilgang til fellesarealet på vestsida av dammen.

Statkraft opplyser at dammen er planlagt med ekstra tappearrangement med mogelegheit til å sleppe vatn til Bjølvo. Ut over dette er det vist til avtale mellom Bjølvefossen og vassverket i Ytre Ålvik. Statkraft er i utgangspunktet positive til grunneigarane sitt ønske om tilgang på noko av tunnelmassane til vedlikehald av eksisterande vegar.

Hardanger og Voss reinsdyrlag SA, 27.6.2024⁸:

Reisdylaget skriv følgjande i fråsegna si:

«Hardanger og Voss reinsdyrlag SA har konsesjon for reindrift i fjellområdet mellom Vossadalføret og Hardangerfjorden. Konsesjonen varer til 1. januar 2033 og det øvre reintalet i vårflokk er sett til 400 dyr.

Reinsdyrlaget har ikkje vesentlege merknader til gjennomføring av sjølve tiltaket, slik det framgår av Statkraft Energi AS sin detaljplan for ny dam, ny veg og tunnel. Det er viktig at det vert teke omsyn til reinen i anleggstida, særleg når kalvingstida nærmar seg på våren. Av detaljplanen for miljø og landskap framgår det at anleggsarbeidet vil verte begrensa dersom rein kalvar og oppheld seg nær anleggsstaden på våren. Vi ber i tillegg om at vi får melding på telefon eller e-post om det vert observert rein i området i anleggstida.

Det vi ottast mest er at den ferdige vegen, om han vert open for alminneleg ferdsle, skal føre til vesentleg auka ferdsle i området rundt Bjølsegrøvatnet».

Statkraft sin kommentar:

Statkraft stadfestar at dei vil imøtekomme reinsdyrlaget og opprette kontakt for å etablere rutinar for meldepunkt og avgrensing i anleggsaktiviteten i forkant av at arbeida tek til.

Kvam turlag/Bergen og Hordaland turlag (turlaga), 4.7.2024⁹:

Turlaga ser trongen for oppgradering av anlegget og er soleis positive til tiltaket. Dei er positive til at den nye permanente vegen slik at ha er planlagt no. Dei meiner likevel det er manglar i detaljplanen, og at nokre av løysingane vil påføre store inngrep i natur- og friluftsverdiar. Dei peikar mellom anna på at:

- Det framgår ikkje kvifor ein, eit samfunnsøkonomisk perspektiv, skal velja veganlegg framføre transport med bruk av helikopter.

⁸ NVE ref.: 202110781-18

⁹ NVE ref.: 202110781-21



- Detaljplanen legg opp til å øydelegga eit fint, lite dalføre og mykje brukt turterreng, der ein endåtil finn ein raudelista naturtype, med ei steinfylling, og er negative til fyllingen som er planlagt i Herdledalen.
- Det kjem ikkje klart fram om dei nye veganlegga kjem til å vera opne for alle etter anleggsperioden.

Til slutt konkluderer turlaga med at: «*Ved bygging av eit såpass stort veganlegg må det vera klart at ålmenta får løyva tilkomst med den nye vegen*».

Statkraft sin kommentar:

I vurdering av nytt veganlegg i høve til å rehabilitere dammen utan veg viser Statkraft til at det er gjort fleire overordna vurderingar. Fyllingsdam med tilhøyrande inngrep er vurdert som alternativ til den planlagde betongdammen. Det er bruk for om lag 135 000m³ betong og dette svarar til 40 000 turar med helikopter, berre til transport av betong. I tillegg meiner Statkraft at helikoptertransport er lite forutsigbart i høve til leveransetakt og dermed kvalitet på arbeidet, HMS, støy til nærområdet og forlenga byggetid. Det er i tillegg svært kostbart. Etter Statkraft si totalvurdering er ikkje denne løysinga farbar.

Om val av deponiområde skriv Statkraft at samanlikna med veg i dagen, er den planlagde løysinga med tunnel det som gir det minste naturinngrepet sjølv om resultatet vert ei fylling. Å transportere massane bort har dei søkt å unngå fordi tilgjengeleg vegnett ikkje er dimensjonert for dette. Det er lagt vekt på å plassere deponiet der det er minst synleg og i nærleiken av andre eksisterande inngrep. Dei viser og til konseptvurderingane som er gjort både for vegtrasé og konstruktiv utnytting av tunnelmassane. Dei har ikkje funne gode alternativ for handtering av tunnelmassane.

Om ålmenta sin tilgang til anleggsvegen

Fleire av høyringspartane meiner den nye vegen må vere mest mogeleg tilgjengeleg for ålmenta. Det er planlagt å byggje to tunnelar, bygde som anleggsvegar og ikkje offentlege vegtunnelar med den standard og sikkerheitsnivå som dette tilseier.

Statkraft skriv at tunnel 1 er styrande med tanke på tilgang. Det er ikkje lagt opp til restriksjonar i tunnel 2 for dei som har tilkomst gjennom tunnel 1. Tunnel 1 blir vesentleg lenger enn tunnel 2 og får ei utforming som gjer at Statkraft av drifts-, sikkerheitsomsyn og skadepotensiale, ser det som nødvendig at trafikk og bruk av tilkomsttunnelen blir regulert. Ut over eigen bruk har Statkraft sitt utgangspunkt vore å avgrense tilgang for tredjepart, og at det vert gitt tilgang til grunn- og hytteeigarar i tillegg til andre med rettar i området. Med bakgrunn i mange innspel om ålmenta sin tilgang til vegen føreslår Statkraft å innleie ny dialog med kommune og andre med rettar i området for å sjå om, og eventuelt korleis, ein kan etablere ein modell som gir fleire grupper tilgang til vegen.

Om parkering og etablering av toalettanlegg i tilknytning til ny veg

Det er fleire av høyringspartane som meiner det må etablerast fleire parkeringsplassar i tilknytning til den planlagde vegen. Dessutan er det fleire som meiner det må etablerast toalettanlegg.

Statkraft har ingen sterke meiningar om kor vidt det skal etablerast parkering i øvre ende av deponiet eller ikkje, og opplyser at de delvis kan prøve å imøtekomme dette. Avtalen dei har med grunneigarane omfattar masselagring og ikkje endra arealbruk. Dette må



eventuelt avklarast med grunneigarane. Når det gjeld asfaltering opplyser Statkraft dei ikkje ønskjer å nytte asfalt i arbeidet sitt, og at etablering av toalettbygg med tilhøyrande fasilitetar ikkje er innafor kjerneverksemda deira.

Om forholdet til ureiningslova, avrenning og drikkevatt

I høve til temaet avrenning og ureining viser Statkraft til søknaden som er sendt til Statsforvaltaren og at han omfattar måle- og overvakingsprogram, tiltak for vasshandtering og avrenning frå deponiet. Det er utført miljørisikovurdering og utarbeidd en miljøoppfølgingsplan for anlegget. Dei opplyser og at større omlegging og endring av eksisterande vassvegar er ikkje med i planane. Riving av den gamle dammen skal skje i tørrlagt byggegrop og etter krav som vert sette i utsleppsløyve, miljøoppfølgingsplan og rive- og avfallsplan. Nødvendige tiltak for å hindre og redusere utslepp vert følgde opp.

I høve til gjenbruk av betong opplyser Statkraft at det er teke prøver av betongen, og det skal takast fleire prøver for å kartlegge innhaldet av tungmetall. Utgangspunktet er at betongen vert transportert til godkjent mottak.

NVE si vurdering av fråsegner

Innspel som Statkraft vil etterleve slik det går fram ovafor vert ikkje kommenterte her.

Ny permanent anleggsveg fram til dammen med tilhøyrande lokalitet for permanent lagring av tunnelmassar utgjør det mest omfattande inngrepet i samband med prosjektet. Ingen av høyringspartane er negative til vegen, med unntak av turlaga som stiller spørsmål ved kvifor ein skal velja veganlegg framfor transport med bruk av helikopter.

Statkraft har gjort ei omfattande vurdering av dette, og opplyser at gjennomføring utan vegtilkomst vil medføre om lag 40 000 turar med helikopter berre til transport av betong. I tillegg må materiell og maskinar flygast opp, slik at totalt vert talet turar høgare. Etter NVE si vurdering er det fleire forhold som talar imot denne løysinga. Ho inneber vesentleg usikkerheit med tanke på leveransetakt på betongen med påfølgjande konsekvensar for kvaliteten på arbeidet, lenger anleggsperiode og ei vesentleg støybelastning både for bebuarar og reindrifta i området. Vi meiner Statkraft har gjort ei grundig utgreiing av dette alternativet og finn ikkje grunnlag for å krevje at arbeida skal gjennomførast veglaust.

Fleire av høyringspartane meiner at viss det vert bygd veg, må ålmenta ha tilgang. Nokre av høyringspartane meiner bruk av vegen må avgrensast, mellom anna på grunn av omsynet til reindrifta i fjellet og for å redusere slitasje på sårbar høg fjellsnatur. Statkraft har lagt opp til avgrensa tilgang og føreslår å innleie dialog med heradet og andre med rettar i området for å sjå om ein kan etablere ein modell som gir fleire grupper tilgang til vegen. NVE meiner dette er ei fornuftig tilnærming til spørsmålet og set vilkår om at slik dialog skal opprettast.

Fleire av høyringspartane meiner Statkraft må etablere eit større parkeringsområde og toalettområde med tilhøyrande fasilitetar. Etter NVE si vurdering må Statkraft sitt ansvar avgrensast til behova deira knytt til drift og vedlikehald av vassdragsanlegget. Vi er samde i at bygging av vegen truleg gir auka ferdsel i området med tilhøyrande auka behov for parkeringsplassar og toalettanlegg. Vi finn likevel ikkje grunnlag for å pålegge Statkraft ansvaret for etablering, drift og vedlikehald av slik infrastruktur. Statkraft har signalisert at dei delvis kan prøva å imøtekomme forventninga om å auke kapasiteten for parkering.



Etter NVE si vurdering er det er det naturleg at behovet for denne infrastrukturen vert teke stilling til i dialog mellom heradet og dei som har rettar i området. Vi legg til grunn at ein eventuell søknad om etablering vert framført til heradet og handsama etter plan- og bygningslova, og følgd opp vidare av heradet. Vi finn det og det naturleg at det er ei samanslutning av grunneigarar og andre med rettar i området som står for søknaden og ikkje Statkraft. Dette er ikkje til hinder for at Statkraft kan medverke til å realisere tiltaka. Fleire av høyringspartane har teke oppforholdet til avrenning og ureining. Det er sendt søknad til Statsforvaltaren om løyve til utslepp etter lov om ureining. NVE har ikkje mynde etter dette regelverket og legg til grunn at handsaming av søknaden som er sendt vil avklare desse tilhøva.

Forholdet til private drikkevasskjelder er og teke opp. I detaljplanen er det opplyst at tiltaket omfattar areal som blant anna er sett av til drikkevatn/friluftsområde, sikringszone for nedslagsfelt for drikkevatn i kommuneplanen sin arealdel for planperioden 2019-2030. Det er opplyst at det vert sendt søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til heradet. NVE legg til grunn at heradet handsamar spørsmålet om omsynet til drikkevasskjelder som del av dispensasjonen og at relevante myndigheiter vert konsulterte.

Vurdering av flaum og skredfare

Flaum- og skredfare er vurdert i detaljplanen. Eksisterande dammar (frå 1918 og 1936) vert nytta som fangdammar i byggjetida. Det vert sett i verk tiltak for å redusere sannsynet for overtopping av flaumoverløpet og det vert utført ei berekning for å vurdere trongen for magasinrestriksjonar i byggeperioden.

Det kan vere fare for snøskred i området der det er planlagt permanent lagring av tunnelmassar. Nødvendige sikringstiltak vert gjennomførte ved behov. Dalsida like vest for den permanente lagringsplassen kan vere utsett for skred om sommaren. Ingeniørgeolog har vore på staden og vurdert området, og det er opplyst at nødvendige sikringstiltak vert sette i verk. Vi minner om at det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å gjennomføre risikokartlegging og å gjennomføre nødvendige tiltak både for anleggs- og driftsfasen.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar, er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, fråsegner vi har motteke, og våre erfaringar. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 12.7.2024. Vi har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Naturverdiane i tiltaksområdet er kartlagt av Naturestaurering AS og dokumentert i vedlegg til detaljplanen. I nedre del av tiltaksområdet er der registrert ein nær trua naturtype; kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra. For i best mogeleg grad å ta i vare denne naturtypen er vegtraséen justert slik at naturtypen ikkje vert råka av den nye vegen. Lokaliteten der tunnelmassane er planlagt lagra permanent vil påverke denne



naturtypen, men totalt sett er den negative verknaden er vesentleg redusert ved at vegtraséen er justert.

I øvre del av tiltaksområdet er der registrert tre ulike lokalitetar av naturtypen kalkfattig og intermediært snøleie. Dette er ein sårbar naturtype. Det er lagt vekt på å påverke desse minst mogeleg. Etter det NVE kan sjå vert to av dei ikkje råka av tiltaket, men den tredje vert i stor grad råka, sjølv om est mogeleg vert teke i vare også der. Dette gjeld område heilt oppe ved den nye dammen. Det vart ikkje registrert artar raudlista artar i kartlegginga som er gjennomført.

Med bakgrunn i kartlegginga som er gjennomført og påfølgjande justering av vegtraséen er ikkje tiltaket i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4, eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Vi har og vurdert tiltaket sine verknader i samband med anna påverknad av naturtypar, artar og økosystem. Tiltaksområdet har vore prega av tiltak knytt til vasskraftproduksjon i lang tid. Det er i tillegg bygd fleire skogsvegar i området, blant anna Damvegen. Samla belastning på økosystemet og naturmangfaldet er vurdert etter naturmangfaldlova § 10. Ho er ikkje så stor at ho blir avgjerande for vurderinga.

Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om dei verknadene tiltaket kan ha på naturmiljøet. Prinsippet om å minimalisere naturinngrepa er lagt til grunn i planlaggeinga. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem difor ikkje i bruk.

Etter krava i § 11 og § 12 skal tiltakshavar dekke kostnadene ved, og nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. De har opplyst kva tiltak som skal setjast i verk for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet gjennom å tilpasse all arrondering i best mogeleg grad slik at det underordnar seg eksisterande landskap. Alle område skal setjast i stand etter prinsippa om naturleg revegetering. Kostnadene for dette vert dekte av Statkraft Energi AS.

Grunngjeving for særskilde godkjenningvilkår

Av omsyn til reinen sin bruk av øvre del av anleggsområdet er det sett vilkår om at veg i dagen i øvre anleggsområdet skal utformast slik at han ikkje er til hinder for rein. Vi føreset at eventuelle tiltak vert avtalt direkte med reindrifslaget.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd. Vi viser til omtalen av forholdet til private drikkevaskjelder ovafor.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav



(§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhørende delar av byggteknisk forskrift. Dette gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om dampsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om dampsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 6 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 9 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av og under anleggsperioden.

Private rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege forhold for utbygging og drift av anlegget.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk. Det er opplyst at det er sendt søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløyve for anleggsdrifta.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Kvam herad når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Kvam herad, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side. På grunn av sommarferie er dato for å sende inn klage er sett til 30.08.2024.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 5 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngeving, kan du be NVE om å få ei grunngeving. Du må be om grunngevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av ED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Energidepartementet (ED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.

Mottakarliste:



STATKRAFT ENERGI AS

Kopimottakarliste:

Ytre Ålsvik skogsveglag og Styret Damhytta

Damvegen SA

KVAM HERAD

Kvam turlag

Hardanger og Voss reinsdyrlag SA

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Jørn Fosen Simonsen